


TYSNES KOMMUNE

# Plan for kommunal kriseleiing

---

Overordna beredskapsplan



Vedteke i Tysnes kommunestyre 28.02.23

## Innhald

Formål og definisjonar.....	3
Planen sitt formål .....	3
Verkeområde for planen .....	3
Definisjonar .....	3
Uønskete hendingar .....	3
Kommunal kriseleiing .....	3
Støtteteam.....	3
Psykososialt kriseteam - livskrisegruppe .....	3
Hovudprinsipp for beredskapsarbeidet .....	4
Riktig fokus .....	4
Tiltaksnivå.....	4
Varsel om krise .....	5
Varslingsmønster.....	6
Organisering .....	6
Kommunal kriseleiing .....	6
Stedfortreder for rådmannen.....	6
Delegert fullmakt til kommunal kriseleiing .....	6
Kriseleiinga sine roller og oppgåver .....	7
Kriseleiinga sine roller .....	7
Kriseleiinga sine oppgåver.....	7
Forhold til politiet.....	8
Etablering av kommunal kriseleiing .....	8
Lokalisering av kriseleiinga, samband, nøklar m.m.....	8
Lokalar for media/presse .....	8
Alternative lokalar for kommunal tenesteproduksjon.....	8
Informasjons- og kommunikasjonsstrategi .....	9
Støtteteam – informasjon og kommunikasjon.....	9
Støtteteam består av.....	9
Kommunikasjonsrådgjevar sitt ansvar .....	9
Politiet si rolle i informasjonsarbeidet .....	10
Mediekontakt .....	10
Loggføring og arkivering.....	10
Informasjonsflyt .....	10

Intern informasjon.....	10
Ekstern informasjon .....	10
Informasjonskanalar .....	10
Varsling frå og til sentrale ledd.....	11
Befolkningsvarsling.....	11
Evakueringsplan .....	11
Oppretting av evakuerte- og pårørandesenter (EPS).....	11
Innsats frå psykososialt kriseteam .....	11
Kriseavslutning – evaluering.....	12
Nedtrapping - Informasjon etter krise .....	12
Evaluering .....	12
Eksterne ressursar .....	12
Varslingsliste og ressursoversikt .....	12
Ajourhald .....	13

## Formål og definisjonar

### Planen sitt formål

Kommunen har ansvar for alle som til ein kvar tid oppheld seg i kommunen, både dei faste innbyggjarane og andre som oppheld seg i Tysnes for kortare periodar. Planen skal gje eit oversyn over korleis kommunen sin overordna leiing skal organisera seg som kommunal kriseleiing og leie kommunen sin innsats i krisesituasjonar. Kriseleiinga skal samordne og leie alle kommunale tiltak når ein krise er venta å oppstå eller oppstår.

Planen sin plass i det kommunale plansystemet går fram av kommunen sin planstrategi og utgjer saman med den heilskaplege ROS-analysen og plan for psykososiale tiltak ved kriser, ulukker og katastrofar, det øvste nivået av kommunen sin beredskapsdokumentasjon.

Plan for kommunal kriseleiing (KKL) i Tysnes kommune er ein overordna plan som saman med ROS-analysen samt fag- og sektorplanar for krisehandtering, utarbeidd av kommunen sine forskjellige verksemder, utgjer kommunen sin totale kriseplanverk.

### Verkeområde for planen

Planen omhandlar primært krisesituasjonar innanfor Tysnes kommune sine grenser. Det kan også vera krisesituasjonar utanfor kommunen som vil påverke Tysnes kommune. Det kan oppstå krisesituasjonar utanfor kommunen kor Tysnes vert beden om å bistå, situasjonar som handterast best gjennom interkommunalt samarbeid og/eller kor innbyggjarane vert råka av hendingar utanfor kommunen.

## Definisjonar

### Uønskte hendingar

I Sivilbeskyttelseslova § 3 er omgrepet «uønskte hendingar» innført for å skildre hendingar kor det kan settast inn tiltak for å førebyggje og avgrense skadar som befolkninga kan verte utsett for. Det er ei felles nemning på alle typar kriser, ulykker, katastrofar m.v. som har medført tap eller kan medføre tap av liv eller skade på helse, miljø eller materielle verdier.

### Kommunal kriseleiing

Kriseleiinga skal koordinera og leie alle overordna tiltak. Kommunal kriseleiing er ein overordna funksjon og kriseleiinga skal som hovudregel ikkje delta på skadestaden.

### Støtteteam

Støtteteam er ein støttefunksjon for den kommunale kriseleiinga og vert oppretta ved behov av kommunal kriseleiing. Støtteteamet bidreg med praktisk tilrettelegging og iverksetting av tiltak og arbeid for kriseleiinga.

### Psykososialt kriseteam - livskrisegruppe

Kriseteamet er eit psykososialt akutteam som skal bistå personar ved akutte ulykker, hendingar og dødsfall som inntreffer i Tysnes kommune. Teamet skal hjelpe i den akutte fasen til det ordinære støtteapparatet tek over.

## Hovudprinsipp for beredskapsarbeidet

Fire grunnleggjande prinsipp skal ligge til grunn for alt beredskaps- og krisehandteringsarbeid i norsk offentlig sektor:

**Ansvarsprinsippet:** Den som har eit ansvar for eit fagområde/tenestetilbod i ein normal situasjon har også ansvar for naudsynt beredskapsførebuande arbeid og handtering av ekstraordinære hendingar/krisehandtering, inkludert informasjonsarbeid innan eget område.

**Likskapsprinsippet:** Den organisasjonen ein opererer med til dagleg skal vera mest mogleg lik den organisasjonen ein har under kriser.

**Nærleiksprinsippet:** Kriser skal handterast på lågast mogleg nivå.

**Samvirkeprinsippet:** Myndigheiter, verksemder og organisasjonar som deltek i krisehandtering og beredskapsarbeid, har eit sjølvstendig ansvar for å sikre best mogleg samhandling og samarbeid mellom aktørane.

## Riktig fokus

Under krisehandteringa skal Tysnes kommune ha fokus på dei fire M-er:

1. Menneske
2. Miljø/omgjevnader
3. Materielle verdiar
4. Marknad/økonomi

## Tiltaksnivå

Med utgangspunkt i definisjonen av uønskte hendingar og kriser, skal ansvarleg leiar vurdere behov for tiltak. Definisjon av tiltaksnivå er rettleiande for etatane, einingane og dei administrative avdelingane/tenesteområda.




## Varsel om krise

Kommunen kan bli varsla om uønskete hendingar og potensielle krisesituasjonar frå egne innbyggjarar, andre myndigheiter og frå publikum.

Alle tilsette i Tysnes kommune skal – når han eller ho får kjennskap til ei uønskt hending, eller at det kan vera fare for at ei uønskt hending kan oppstå, gjennomføre naudsynte straktiltak for å forhindre eller avgrense skaden. Akutt informasjon skal gis til personar som kan vera i fare. Næraste leiar skal varslast om hendinga og aktuelle straktiltak. Vidare varsling skal alltid skje tenesteveg.

## Varslingsmønster



Rådmann avgjer om kommunal kriseleiing skal etablerast. Om, rådmann/ass.rådmann er utilgjengeleg må det einskilde medlem av KKL kalle inn. Når avgjerd om etablering av kriseleiing er teke, skal kriseleiinga kallast inn med det verkemiddelet som er mest føremålstenleg. Ved bruk av SMS skal motteke melding kvitterast ut.

## Organisering

### Kommunal kriseleiing

Kriseleiinga består av følgjande funksjonar

- Rådmann
- Ass.rådmann
- Ordførar
- Kommunalsjef oppvekst
- Kommunalsjef helse og omsorg
- Kommunalsjef teknisk
- Personalrådgjevar – Leiar for støtteteam
- Kommunikasjonsrådgjevar

I tillegg til kriseleiinga vil det kunne oppstå behov for støttefunksjonar i form av støtteteam med ansvar for praktisk tilrettelegging og arbeid for kriseleiinga. I Tysnes kommune er dette Fellestenesta. Kontaktinfo med varafunksjonar ligg i eige vedlegg til plan for KKL.

### Stedfortreder for rådmannen

I rådmannen sitt fråvær er ass. rådmann kriseleiar.

### Delegert fullmakt til kommunal kriseleiing

Ei krise oppstår ved ei uønskt hending som trugar eller råkar eit større tal menneske, betydelege naturressursar eller materielle verdiar, og kor skadeverknaden er – eller kan bli, meir omfattande enn det driftseiningane har ressursar til å handtera. Rådmannen kan ta avgjerd om å nytta dei ressursane rådmannen finn naudsynt i ein krisesituasjon. Avgjerder etter denne fullmakta skal rapporterast til formannskapet ved første høve.

## Kriseleiinga sine roller og oppgåver

Ved uønskete hendingar kan medlemmane i KKL via rådmann/ass.rådmann beslutte å kalle inn heile eller deler av kriseleiinga.

Rådmann	<ul style="list-style-type: none"><li>• Leiar av KKL</li><li>• Mynde til å førestå oppfølging av hendinga</li><li>• Mynde til å ta kontakt med eksterne samarbeidspartnarar</li></ul>
Ass.rådmann	<ul style="list-style-type: none"><li>• Stedfortreder for rådmann</li><li>• Avlaste og sørge for stabilitet i den ordinære driftsorganisasjonen</li></ul>
Ordførar	<ul style="list-style-type: none"><li>• Uttale seg på vegne av kommunen</li><li>• Mediehandtering</li><li>• Leiar pressekonferansar</li></ul>
Kommunalsjef oppvekst	<ul style="list-style-type: none"><li>• Følgje opp eigne beredskapsplanar</li><li>• Sette inn ressurspersonar der det er behov</li><li>• Følgje opp team for livskrise</li><li>• Ved evakuering av menneske skal kommunalsjef oppvekst vera ansvarleg for mottak/EPS og handtera informasjonsansvaret mellom KKL og EPS.</li></ul>
Kommunalsjef helse og omsorg	<ul style="list-style-type: none"><li>• Følgje opp eigne beredskapsplanar</li><li>• Sette inn ressurspersonar der det er behov</li></ul>
Kommunalsjef teknisk	<ul style="list-style-type: none"><li>• Følgje opp eigne beredskapsplanar</li><li>• Sette inn ressurspersonar der det er behov</li></ul>
Personalrådgjevar	<ul style="list-style-type: none"><li>• Leiar for støtteteam/fellestenesta</li><li>• Loggføring i CIM i samarbeid med Fellestenesta</li><li>• Tilvise pårørande til mottakssenter eller kriseteam</li></ul>
Kommunikasjonsrådgjevar	<ul style="list-style-type: none"><li>• Informasjonsansvarleg - Legge til rette for kommunikasjon internt/eksternt i organisasjonen i samråd med ordførar/rådmann, publisering på heimesida og SoMe</li><li>• Oppdatering og ajourføring av ressursliste og varslingsliste</li></ul>

## Kriseleiinga sine roller

Rådmannen kallar inn dei leiarane som vert direkte rørt av hendinga, eventuelt stedfortreder. Avhengig av hendinga si karakter og omfang, avgjer rådmannen kven som skal delta vidare i handteringa.

## Kriseleiinga sine oppgåver

Kriseleiinga sin hovudoppgåve er:

1. Avklare ansvarsforholdet til politiet
  - a) I krisesituasjon som vert leiar av politi/lokal redningsentral, eventuelt Statsforvaltaren: Etablere og deretter ha vidare dialog med overordna operativ kriseleiing,
  - b) I krisesituasjon som vert leia av kommunen: Etablere kontakt med politiet og eventuell annan myndigheit.
2. Skaffe oversyn over inntreft hending og kva konsekvensar det kan ha for kommunen og kommunen sine innbyggjarar.
3. Kalle inn naudsynte leiarar av faginstansar, eigne og eventuelt eksterne – etter behov.
4. Vurdere sikrings- og hjelpebehov. Dette følgjast opp kontinuerleg.

5. Iverksette dei tiltak som situasjonen tilseier, herunder tiltak etter oppmoding frå overordna myndigheit, samt i medhald av relevante kommunale beredskapsplanar, herunder pårørande og evakuering, forpleiing, innsats frå kommunen sitt kriseteam og etablering av senter for evakuerte og pårørande. Sette i verk aktuelle gjeldande kommunale planar.
6. Sette i verk informasjonstiltak, sjå vedlegg til plan.
7. Leie, koordinera og prioritera kommunen sin totale innsats og utnytte alle tilgjengelege ressursar.
8. Loggføre alle relevante hendingar og aktivitetar under kriseleiinga sitt arbeid.
9. Rapportere til og halde Statsforvaltaren orientert om tiltak som er sett i verk og informere om utviklinga.

### **Forhold til politiet**

Politiet har generelt ansvar for å leie:

- Redningsaksjonar kor det er fare for tap av menneskeliv, fare for skade på menneske eller tap av store verdiar.
- Aksjonar i saker der det er gjennomført straffbare handlingar, eller det er mistanke om at dette har skjedd eller kan skje.

Politistasjonssjef/Polititenestestadsleiar er politiet si faste liaison i kommunen si kriseleiing og kriseleiinga sitt primære kontaktpunkt mot politiet.

## **Etablering av kommunal kriseleiing**

### **Lokalisering av kriseleiinga, samband, nøklar m.m.**

Kontor for kommunal kriseleiing er rådmannen sitt kontor på rådhuset. Rådmannsfløyen inkl. datarom vert forsynt via aggregat ved eit eventuelt straumbrot.

- Kontoret skal vera utstyrt for bruk for kommunal kriseleiing. Naudsynt planverk, kart, nøkkelkort og teknisk utstyr skal vera lagra i eget beredskaps-skap.
- Teknisk kommunikasjonsutstyr som må vera tilgjengeleg vil normalt vera telefonar, satellittelefon, datamaskinar og skrivar, datamaskin med kartverk og kopling mot CIM.

Kommunestyresalen er alternativ lokalisering ved behov for meir plass. Om rådhuset ikkje kan nyttast i det heile skal kriseleiinga etablerast i undervisningsrommet på Tysnes omsorgssenter.

### **Lokalar for media/presse**

Kommunestyresalen nyttast til større medieorienteringar og pressekonferansar. Dersom rådhuset ikkje kan nyttast, vil pressekonferanse haldast i vestibulen på Tysnes omsorgssenter.

### **Alternative lokalar for kommunal tenesteproduksjon**

Dersom verksemdene av ulike grunnar ikkje kan nytte sine ordinære lokalar i samband med ei uønskt hending, skal alternative lokale gå fram av den einkilde verksemd si beredskapsplan.

## **Informasjons- og kommunikasjonsstrategi**

Tysnes kommune har utarbeidd ein eigen rettleiar til informasjon i ein krisesituasjon. Rettleiaren følgjer som vedlegg til plan for kommunal kriseleiing.

### **Støtteteam – informasjon og kommunikasjon**

Ved behov opprettar den kommunale kriseleiinga eit støtteteam som funksjon i informasjons- og kommunikasjonsarbeidet. Støtteteam skal arbeide tett med kriseleiinga og gjennom kommunikasjonsrådgjevar halde seg orientert om utviklinga og bistå kriseleiinga med informasjons- og kommunikasjonstiltak som gjennomførast.

#### **Støtteteam består av**

- Personalrådgjevar
- Fellestenesta
- IT-leiar

Personalrådgjevar er leiar for støtteteamet og har fortløpande ansvar for vidareformidling av opplysingar som skal gis til publikum og pårørande, og har ansvar for at annan informasjon ikkje kjem ut. Leiar av støtteteam tilpassar støtteteamet si storleik og samansetning etter behov. Leiar av støtteteam har ansvar for at sjekklister og rutinar for oppretting av støtteteam, og støtteteamet sine oppgåver til ei kva tid er ajourført og tilgjengeleg. Støtteteamet har fortløpande ansvar for drift av IKT-system og telefoni.

Støtteteamet har tilhald i fellestenesta sine lokalar og disponerer Lunde møterom. Arkivet vert redusert til prioritert post- og informasjonsservice.

#### **Kommunikasjonsrådgjevar sitt ansvar**

- Kommunikasjonsrådgjevar sit saman med kriseleiinga og deltek på møter i krisestab etter behov
- Kommunikasjonsrådgjevar gir kriseleiinga opplysingar om kva oppdateringar det er informasjonsbehov for.
- Kommunikasjonsrådgjevar gjer ei tilråding på kva slags informasjon som kan gis til publikum, pårørande, media og andre, og i kva kanalar.
- Vidareformidle informasjon til publikum/pårørande etter oppdrag frå kriseleiinga via ulike informasjonskanalar etter avtale.
- Oppfølging av ordførar i forhold til kommunikasjon/media.
- Ansvarleg for gjennomføring av pressekonferansar.
- Gi media informasjon om pressekonferansar og utlevere pressemeldingar frå kriseleiinga.
- Teknisk tilrettelegging av pressekonferanse i samråd med ordførar og rådmann.
- Kommunikasjonsrådgjevar skal saman med politiet og medisinsk ansvarleg regulere dialogen mellom evakuerte og media.
- Tilvise media til rett plass før og under pressekonferanse.

## Politiet si rolle i informasjonsarbeidet

Politiet har eit overordna ansvar for å sette i verk naudsynte tiltak for å avverje fare og for å avgrense skade i samband med alle ulukke- og katastrofesituasjonar. Det er politiet som gir ut informasjon i desse tilfella.

## Mediekontakt

Ordføraren har ansvar for kontakt med media og uttalar seg på vegne av kommunen og kriseleiinga. Dersom lokal redningsentral leiar krisehandteringa må informasjon kommuniserast i samarbeid og etter avtale med politietaten. I situasjonar kor Statsforvaltaren har samordningsrolla (samfunnskritiske hendingar), vert informasjon samordna med informasjonsansvarleg hos Statsforvaltaren.

Andre som kriseleiinga utpeiker kan tildelast ein rolle i mediekontakten.

## Loggføring og arkivering

Hendingar i ein krisesituasjon skal loggførast, herunder inn- og utgåande korrespondanse, meldingar, telefonar og andre kontaktpunkt. Logg skal vedlikehaldast i fagsystemet CIM. Etter krisa skal loggane arkiverast i kommunen sitt sak- og arkivsystem.

## Informasjonsflyt

Kriseleiinga skal halde seg orientert om krisens utvikling og opprette informasjonskanalar slik at all informasjon vert gjeve korrekt og einsarta.

Informasjonsflyten kan hovudsakleg delast i to:

### Intern informasjon

Informasjonslinjer/kommunikasjonslinjer for informasjon mellom kriseleiing, kommunen sine øvrige organ og dei som er involvert i å løyse krisa på staden. All informasjon skal følgje dei normale kommunikasjonskanalane tenesteveg i systemet.

### Ekstern informasjon

Informasjonslinjer/kommunikasjonslinjer for informasjon mellom kriseleiing, dei som er råka av krisa, pårørande, befolkninga generelt og media.

## Informasjonskanalar

- Kommunen sin heimeside
- Intranett
- Media (pressemeldingar, pressekonferansar, enkeltintervju)
- Facebook og sosiale media
- Mail
- UMS-varsling
- Telefon
- Satellittelefon
- Dør til dør-aksjon

## Varsling frå og til sentrale ledd

Varsling frå Statsforvaltaren til kommunen og frå kommunen til Statsforvaltaren skal gå føre seg etter retningslinjene som ligg i «Retningslinjer for varsling og rapportering på samordningskanal» publisert av DSB.

## Befolkningsvarsling

Mange av hendingane som er analysert i kommunen sin heilskaplege ROS-analyse viser at det kan oppstå behov for befolkningsvarsling. Tysnes kommune sin primære kanal for befolkningsvarsling ved større hendingar er utsending av SMS-meldingar.

Om befolkningsvarsling skal settast i verk er ei avgjerd som skal takast av rådmannen eller kriseleiinga som formulerer budskapet som skal formidlast.

## Evakueringsplan

Evakuering av personar og befolkning kan settast i verk av politimynde og vert normalt leia av politiet/LRS. Når kommunen mottok oppmoding om støtte til evakuering, set kriseleiinga i verk evakueringsiltak i nært samarbeid med politi og innsatsleiar. Leiar for EPS vert varsla for iverksetting av tiltak.

For evakuering av bebuarar i kommunen sine institusjonar, samt barn og elevar, visast det til dei einiskilde verksemdene sine beredskapsplanar.

## Oppretting av evakuerte- og pårørandesenter (EPS)

Tysnes kommune har inngått avtale med Tysnes Røde kors om leiging, etablering og bemanning av EPS-senter. Det er politiet sitt ansvar å be kommunen om at EPS vert oppretta. Kriseleiinga ved kommunalsjef oppvekst har ansvar for oppretting av EPS og skal varsle leiar for EPS om etablering og praktisk tilrettelegging. Alle kommunale skular og barnehagar kan verte brukt til EPS, og det er den einiskilde einingsleiar som vil ha ansvar for å opne bygget og bistå Røde kors i etableringsfasen i forhold til praktisk tilrettelegging. Leiar for EPS rapporterer til kommunalsjef oppvekst.

Leiar for EPS skal sikre at følgjande vert teke i vare:

- Ta i mot personar som er evakuert frå ulykkesstad og gje omsorg og pleie
- Legge forholde til rette for at pårørande til omkomne, skadde og evakuerte kan samlast, få støtte, menneskeleg omsorg og informasjon
- Legge til rette for at psykososialt kriseteam (livskrisegruppa) kan følgje opp råka personar
- Etablere eit system for registrering av alle som er evakuert i samarbeid med politiet

Kriseleiinga gjer avtale med politiet om kontakttelefon til EPS.

## Innsats frå psykososialt kriseteam

Psykososialt kriseteam (livskrisegruppa) rykker ut etter oppmoding frå:

- Kommunal kriseleiing – KKL
- Politi
- Legevakt

Kriseleiinga ved kommunalsjef oppvekst har ansvaret for kontakten med kriseteamet og oppfølging av kriseteamet i samarbeid med LRS. Leiar for kriseteamet rapporterer til kommunalsjef oppvekst.

Ved oppretting av EPS skal leiar for kriseteamet samarbeide med leiar for EPS.

## Kriseavslutning – evaluering

### Nedtrapping - Informasjon etter krisa

Det er kriseleiinga som vedtek:

- Når krisa er over og kommunen går tilbake til vanleg drift.
- Om, og eventuelt kor lenge, opplegg for kriseinformasjon skal oppretthaldast etter at kriseleiinga sine andre oppgåver er avslutta.
- Eventuelle tiltak for oppfølging av innsatspersonell.
- Tiltak for å bringe kommuneorganisasjonen og lokalsamfunnet tilbake til normaltilstanden

### Evaluering

Gjennomgang og vurdering av handtering av krisa skal gjennomførast så snart som mogleg etter krisa er over. Kommunen sin kvalitetsrådgjevar har dette ansvaret delegert gjennom linja. Alle oppgåver og aktivitetar som ligg til kommunal kriseleiing samt eventuell ekstern bistand/styring skal takast med i evalueringa. Det er av den grunn naudsynt at flest mogleg som deltok i handteringa deltek i evalueringa.

Kvalitetsrådgjevar skal utarbeide éin skriftleg rapport som skal godkjennast av rådmannen etter evalueringa er gjennomført.

Når det gjennom evalueringa vert avdekkja feil eller svakheiter ved deler av kommunen sitt beredskapsverk, skal desse utbetrast utan opphald.

### Eksterne ressursar

Ved større hendingar er kommunen avhengig av eit godt samarbeid med andre aktørar og forsterkingsressursar. Lokalt samarbeider kommunen med Tysnes Røde Kors Hjelpekorps, og har avtalt bistand innanfor transport, evakuering, forpleiing, vakthald samt leiing og bemanning av EPS.

Kommunen vil i første omgang venda seg til Tysnes Røde Kors Hjelpekorps, men har også høve til å ta kontakt med Sivilforsvaret/FIG på Stord. Kostnadar knytt til FIG vert dekkja av Sivilforsvaret. FIG kan bidra med oppdrag innan sløkking av brann, større ulykker, pleie og omsorg, leiteaksjon, evakuering, orden og sikringsoppgåver, forureiningssituasjonar og flaum. Heimevernet er også ein aktuell aktør og kan bidra innan skogbrann, lyngbrann, større leiteaksjonar samt forureiningssituasjon.

### Varslingsliste og ressursoversikt

Varslingsliste og ressursoversikt vert kontinuerleg oppdatert av kommunikasjonsrådgjevar og ligg som vedlegg til planen.

## **Ajourhald**

Plan for kommunal kriseleiing vert årleg vurdert for revisjon i rådmannen sin strategiske leiargruppe. Varsling- og ressursliste vert oppdatert kontinuerleg av kommunikasjonsrådgjevar i tråd med endringar i organisasjonen.